

## Vilkår og retningslinjer for publisering på plattformen «University of Stavanger: Open Journals»

I samarbeid med IT driftar Universitetsbiblioteket plattformen «University of Stavanger: Open Journals», for open publisering og arkivering av vitenskaplege tidsskrift. Universitetsbiblioteket tilbyr opplæring og brukarstøtte til redaksjonar/fagmiljø i bruk av plattformen, sørger for DOI og gir generell rettleiing om open publisering. Redaksjonen for eit tidsskrift har ansvar for å ha nødvendig kompetanse til å bruke plattformen.

### Følgjande vilkår og retningslinjer gjeld for publisering på «University of Stavanger: Open Journals»:

1. Tidsskrift skal ha ISSN. Artiklar i tidsskrift skal ha DOI. Det er ønskjeleg, men ikkje eit absolutt krav, at alle forfattarar har ORCID-id.

2. Alle tidsskrift skal vere opent tilgjengelege:

- diamant open access utan abonnement eller embargo
- tilgang utan sperrer i form av passord/brukarnamn eller IP-adresse
- det er ønskjeleg at tilhøyrande forskingsdata vert gjort tilgjengelege saman med artiklane, der det er aktuelt.

3. Tidsskrift skal ha tilknytning til UiS ved at redaktør, ein eller fleire av redaksjonsmedlemmene og/eller administrativt personale er tilsette på UiS.

4. Alle tidsskrift skal ha rutinar for fagfellevurdering, og minst tilfredsstillende krav for vitenskapleg publisering på nivå 1 i [Kanalregisteret](#). Nye tidsskrift skal ha som målsetting å kvalifisere for dette så snart som mogleg.

Utgevar av tidsskriftet skal følge [COPE](#) (Committee on Publishing Ethics) sine retningslinjer. Tidsskrift som ikkje tilfredsstiller krava fra COPE vil bli vurderte særskilt.

5. Tidsskrift skal vere aktive, og ha ein realistisk plan for kommande utgjevingar.

6. Tidsskrift skal publiserast med ein Creative Commons-lisens. Lisensen skal godkjennast av alle forfattarar, og må vere synleg på kvar enkelt artikkel. Universitetsbiblioteket tilrår lisensen CC-BY, men redaksjonen kan og velje CC BY-SA eller CC BY-NC dersom dette er meir formålstenleg.

7. Oppretting av nye tidsskrift skal vere fagleg/vitenskapleg grunngitt og godkjent av fagmiljøet/instituttleiinga.

8. Universitetsbiblioteket ved Bibliotekdirektøren har overordna ansvar for å godkjenne nye tidsskrift på plattformen.

9. Redaktør og redaksjonsmedlemmer må vere namngitte ved oppretting av eit nytt tidsskrift på plattformen. 'Einmannstidsskrift' blir ikkje aksepterte.

10. Redaktør har redaksjonelt ansvar for alt innhald i tidsskriftet. Dette gjeld også ved lenking til innhald utanfor plattformen. Redaksjonelt ansvar omfattar òg språkvask, redigeringsarbeid,

2. mai 2022

fagfelle vurdering m.m.

11. Forfattar skal behalde opphavsretten til innhaldet, men gir tidsskriftet rett til å vere første utgjevar. Etter publisering står forfattarane fritt til å leggje den publiserte versjonen ut på eiga nettside og i institusjonelt vitenarkiv e.l., så sant tidsskriftet blir kreditert som utgjevar.
12. Universitetsbiblioteket forpliktar seg til å arkivere tidsskriftet, også etter at det evt. er avslutta.
13. I tilfelle der aktiviteten til ein brukar er til fare for datatryggleiken kan Universitetsbiblioteket suspendere brukaren sin tilgang til plattformen.
14. Universitetsbiblioteket kan fjerne eit tidsskrift frå plattformen dersom retningslinjene ikkje blir følgd, etter at det først har blitt gitt ei åtvaring.